



Feste Nærkjøp A/S

Festevegen 460

5912 SEIM

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/109 - 15/22256

Saksbehandlar:

Tove Mette Arnø Fyllingen

ftm@lindas.kommune.no

Dato:

15.06.2015

## Inndragning av salsløyve for alkohol - Feste Nærkjøp as

Vedlagt følgjer saksutgreiing med vedtak.

Med helsing

Tove Mette Arnø Fyllingen

avdelingsleiar

*Dokumentet er signert elektronisk.*



Andre mottakarar:

Feste Nærkjøp A/S

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
040/15	Formannskapet	PS	11.06.2015

Saksbehandlar	ArkivsakID
Terje Sætre	15/109

## Inndragning av salsløyve for alkohol - Feste Nærkjøp as

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Salsløyve for alkohol for Feste Nærkjøp as blir inndratt inntil salsstaden har sendt inn til kommunen opplysningar (dokumentasjon) på alkoholomsetnad for 2014 og forventa omsetnad 2015, og løyvegebyr er innbetalt.

Kommunens einskildvedtak etter alkohollova § 4 kan påklagast til fylkesmannen, jfr. alkohollova

§ 1-16. Høve for klage må nyttast før det i tilfelle kan bli reist sivilt søksmål. Søksmålet må vere reist innan seks månader frå det tidspunkt underretning om klageavgjerd er kome fram til klagar, jfr. Lov om rettergangsmåten for tvistemål av 13. august 1915 nr. 6 §§ 435 og 437.

### Formannskapet - 040/15

#### **FO - behandling:**

Innstillinga frå kontrollutvalet for alkohol vart opplest i møtet.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

#### **FO - vedtak:**

Salsløyve for alkohol for Feste Nærkjøp as blir inndratt inntil salsstaden har sendt inn til kommunen opplysningar (dokumentasjon) på alkoholomsetnad for 2014 og forventa omsetnad 2015, og løyvegebyr er innbetalt.

Kommunens einskildvedtak etter alkohollova § 4 kan påklagast til fylkesmannen, jfr. alkohollova

§ 1-16. Høve for klage må nyttast før det i tilfelle kan bli reist sivilt søksmål. Søksmålet må vere reist innan seks månader frå det tidspunkt underretning om klageavgjerd er kome fram

til klagar, jfr. Lov om rettergangsmåten for tvistemål av 13. august 1915 nr. 6 §§ 435 og 437.

## **Saksopplysningar:** **Politisk handsaming**

Saka skal til uttale i Kontrollutvalet for alkohol.

Saka skal til innstilling i Formannskapet

Saka skal avgjerast i Kommunestyret

Uttalen frå Kontrollutvalet for alkohol blir ettersendt.

## **Bakgrunn**

Følgjande skriv av 21.04.2015 vart sendt frå kommunen til Feste Nærkjøp as:

### **« Gebyr salsløyve - purring på omsetningsoppgåver**

*Viser til tidlegare brev datert 20.01.15 og 25.03.15 – der ein bed om opplysningar(dokumentasjon) på alkoholomsetnad for 2014 og forventa omsetnad 2015.*

*Viser til forskrift om omsetning av alkoholhaldig drikk § 6 -3 om innsending av forventa omsetnad av alkohol og faktisk omsetnad av alkohol, og til alkoholpolitisk plan for Lindås*

*komune: ” manglande innsending av revisorstadfesta omsetningsoppgåve og betaling av løyvegebyr fører til at kommunestyret eller den kommunestyret bemyndigar, kan inndra løyvet inntil omsetningsoppgåva er innsendt eller gebyret er betalt”*

*Ein kan ikkje sjå at dette er motteke.*

*Siste frist vert sett til 30.04.15»*

## **Vurdering**

Kommunen har bede salssstaden om opplysningar om alkoholomsetnad for 2014 og forventa omsetnad 2015 - i brev av 20.01.15, 25.03. 15 og 21.04.15. Siste frist for svar vart sett til 30.04.15.

I skrivande stund (27.mai 2015) har kommunen enno ikkje motteke svar på henvendingane.

Ifølgje kommunens alkoholpolitiske plan pkt. II – 2.10 «Reaksjonar ved brot på alkohollova» førar manglande innsending av revisorstadfesta omsetningsoppgåve og manglande

betaling av løyvegebyr til at kommunestyret eller den kommunestyret bemyndigar, kan inndra løyvet inntil omsetningsoppgåva er innsendt eller gebyret er betalt.

Viser også til Rundskriv IS -5/2008 fra Sosial- og helsedirektoratet s. 74 under kommentar til alkohollova § 1-8 «Inndragning av salgs- og skjenkebevillinger»:

*«Manglende innlevering av oppgåve over omsatt mengde alkohol og innbetaling av bevillingsgebyr er et annet praktisk grunnlag for inndragning.»*

Rådmannen rår til at salsløvet for alkohol blir inndrege inntil salsstaden har sendt inn dei opplysningar kommunen har bede om, og gebyret er betalt.